



Øyvind Boge Nilsen
Sundby-Hvorups vei 87
5178 LODDEFJORD

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8018 - 21/78859

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
22.11.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 60/3 Langenes

Tiltak: Naust i rekke
Byggjestad: Gbnr: 60/3
Tiltakshavar: Øyvind Boge Nilsen
Ansvarleg søkjar: Øyvind Boge Nilsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.09.2021. Vi ber om orsaking for lang sakshandsamingstid, då situasjon på Byggesak er krevjande med stor saksmengd for tiden.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Reguleringsplanen Langenes 1263-01031985 skal supplerast av kommunedelplanen for Lindås 1263-201805, vedtatt i 2019. Tiltaka: køyrbar veg til naust, slipp/kai krev dispensasjon frå byggjegrense mot sjøen. Det er teke stode til byggjegrense for berre naust og hyttetomter i overgangs føresegn pkt.4.5.1 kommunedelplanen for Lindås.
2. Køyrbar veg krev dispensasjon frå planføremål Jordbruk/skogbruk og friområde F3, regulert i planen. I reguleringsplan er det regulert sti, ikkje køyrbar veg.
3. Søknad om dispensasjon skal grunngjevast, sjå våre heimesider med rettleiing.

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>

4. Kai/slipp krev dispensasjon frå planføremål i sjøen- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i tillegg.
5. Søkjar skrivar at flytebyggje er ikkje omsøkt i denne søknaden. Det er vist kai/slipp på teikningar, illustrasjonar og kart. Vi ber om utgreiing om veg og

- kai/slipp skal takast med i søknaden, evt. må teikningar og kart reviderast slik at dei viser tiltak som omsøkt.
6. Søkjar viser til vedlegg Q2 - samtykkje frå grunneigar av gbnr 60/3, men det er ikkje vedlagt søknaden. Det skal dokumenterast både vegrett og plassering av tiltaka på anna manns grunn.
 7. Det er vist til felles parkeringsplassar og at naust skal nyttast av hytteeigare i same område. Det skal dokumenterast 1 p-plass til kvert naust i nærleiken av naustrekke.
 8. Samtykkje frå nausteigare på plassering på 0 m frå nabonaust skal vedleggjast.
 9. Søkjar har sendt inn erklæring om ansvarsrett som sjølvbyggjar. Det er ikkje høve til å godkjenne privat person som ansvarleg søker for andre sine naust. Ansvarleg søker i tiltaksklasse 1 kan vere føretak i drift, men ikkje i regi av sjølvbyggjar i dette tilfellet.
 10. Det skal sendast inn ny søknadsskjema av fagkyndig firma med gjennomføringsplan, erklæringar om ansvarsrettar for alle områder: kai, slipp, veg, naust.
 11. Om kai/slipp skal etablerast, skal det innhenta løyve etter hamnelova frå Bergen hamn før byggjeløyve vert gjeve.
 12. I reglar om havnivåstigning i kommunedelplanen sitt pkt. 2.6.3 står det at bygg som ikkje er sikra mot flo skal som hovudregel plasserast 2,5 m over 0-vasstand, og bygg som er ikkje sikra mot flaum skal som hovudregel plasserast 2,0 m over høgaste kjente vasstand. Ved lågare plassering skal det dokumenterast at plasseringa er forsvarleg. Ferdig golv på naust ligg på kote 1,5 m.o.h. og krev grunnjeving.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 23.12.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øyvind Boge Nilsen

Sundby-Hvorups vei 87

5178

LODDEFJORD